

---

Studiestyresak: **19/3**

Saksnr.: 2018/10668

Møte: 3. april 2019

---

---

## **SMÅ STUDIEPLANENDRINGAR HAUST 2019. PLANAR FOR, OG YNSKJE OM STØRRE ENDRINGAR I STUDIEPROGRAM**

---

Fakultetsadministrasjonen har, 09. januar 2019, sendt brev til alle institutt med informasjon og ei påminning om den faste fristen 1. mars for innsending av små studieplanendringar for emne som skal undervisast komande haustsemester.

Vi har mottatt forslag til studieplanendringar frå alle institutt, lærarutdanningsutvalet og programstyret for sivilingeniørutdanningane

- Geofysisk institutt
- Institutt for biovitenskap
- Institutt for fysikk og teknologi
- Institutt for geovitenskap
- Institutt for informatikk
- Kjemisk institutt
- Matematisk institutt
- Programstyret for sivilingeniørutdanningane

Alle brev med forslag til endringar frå institutta ligg vedlagt. Basert på dette, kjem no ei oppsummering der fakultetet har kommentert forslaga. For å sikre informasjonsflyt vart det til fristen 1. mars også sendt ei oppmoding om ei orientering om større endringar i emneporteføljen og studieprogram.

### **Små studieplanendringar**

Dei små studieplanendingane er justeringar av emneskildringar og undervisningstilbodet haust 2019. I tillegg, kan institutta foreslå enkelte større studieplanendringar når dei er ein konsekvens av studieplanendingar som vart vedtatt 1. oktober 2018. Større endringar som kjem studentane til gode kan også vurderast i samband med små studieplanendringar.

Fakultetet har også bedt dei institutt som har tilrådd studieplan for studentar som ynskjer eit studieopphald på Universitetsenteret på Svalbard (UNIS) om å kvalitetssikre denne. Den tilrådde studieplanen vert mellom anna brukt i fakultetet sine informasjonsmøte om UNIS og under ulike arrangement som til dømes PÅ VEG.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Studiestyret tar til etterretning forslaga til små endringar i emneskildringar som programstyra har fremja.

Bergen 22. mars 2019 MN/STB

- Vedlegg:
1. Brev frå fakultet til institutt
  2. Forslag til studieplanendringar frå institutt og programstyret for sivilingeniørutdanningane

## SMÅ ENDRINGAR PÅ EMNE

### Geofysisk institutt

Instituttet melder inn i hovudsak justeringar og endringar i obligatorisk undervisningsaktivitet og vurderingsformer knytt til emna [GEOF213 Atmosfære- og havdynamikk](#) og [GEOF339 Avansert dynamisk oseanografi](#).

Det er også lagt til to emne [GEOF348 Avansert klimadynamikk](#) og [GEOF347 Seminar om jordsystemet og berekraftig utvikling](#) som tilrådde emne for Masterprogram i meteorologi og oseanografi, studieretning meteorologi.

For Integrert master i energi (sivilingeniør) er det rom for totalt 7 valemne på 10 Sp fordelt over 6. -9. semester. Val av hovudretninga for masteroppgåva vert gjort i 5. semester og dette styrer emnevalet for 6. semester. Instituttet har utarbeida forslag til valemne 6.-10. semester for dei ulike oppgåvetema.

**Sekretærens kommentar:**

*Dette er oppdatert og vises på uib.no*

### Institutt for biovitenskap

Det er gjort endringar i krav til studierett, vektingsreduksjon, tilrådde forkunnskapskrav på enkelte emne. Emnet [MOL300 Praktisk biokjemi og molekylærbiologi](#) aukar eksamenstida frå 5 til 6 timar skriftleg eksamen

BIO241 endrar namn frå «Generell åtferdsøkologi» til «Åtferdsøkologi».

**Sekretærens kommentar:**

*Dette er oppdatert og vises på uib.no*

Programstyret ved Institutt for biovitenskap tilrår at emnekoden [MNF115 Perspektiver på berekraftig utvikling](#) skal endrast til SDG100.

**Sekretærens kommentar:**

*Emnet er tverrfagleg og er eit innføringsemne i berekraftsmål slik det vert undervist i dag. SDG-Bergen er positive til denne endringa. Fakultetet tilrår emnekode SDG110.*

### Kjemisk institutt

Programstyret tilrår endringar i undervisningsspråk og innføring av obligatoriske emne på blant anna KJEM/FARM238 og KJEM351 *NMR-spektroskopi*.

I tillegg endrar [KJEM120 Grunnstoffenes kjemi](#) og [MTEK100 Medisinsk teknologi i praksis](#) høvesvis vurderingsform og obligatorisk arbeidskrav.

### Institutt for fysikk og teknologi

Instituttet endrer forkunnskapskrava på fleire emne og gjer dette om til tilrådde forkunnskapar. Dette gjeld emna [PHYS208](#) Faststoffysikk, [PHYS212](#) Fysikk i medisinsk diagnostikk [PHYS213](#) Medisinsk fysikk i stråleterapi og [PHYS251](#) Det nære verdensrommet.

**Sekretærens kommentar:**

*Dette er oppdatert og vises opp uib.no*

Instituttet ynskjer å endre namn på [PTEK231](#) Olje/gass prosessering til «Ikke-likevekts-termodynamikk og kinetikk i naturlige og industrielle systemer».

**Sekretærens kommentar:**

*Dette er ei stor studieplanending. Ny emneskildring og tilhøyrande læringsutbyte på norsk og engelsk bør utformast og leverast til 1. oktober.*

Instituttet ynskjer å få emnet [PHYS109](#) Innføring i astrofysikk inn som spesialisering i [bachelorprogrammet i fysikk](#). Dette for å formalisere ei reel praksis då emnet per i dag blir sett på og formidla som obligatorisk.

**Sekretærens kommentar:**

*Dette er ei stor studieplanending. Instituttet vert oppmoda til å sjå over det tilrådde studieløpet for bachelorprogrammet i heilskap. Antal studiepoeng i spesialiseringa i bachelorprogram skal være på minst 90 Studiepoeng jf. studieforskriften §2.4 c). Ny programskildring og tilhøyrande læringsutbyte på norsk og engelsk bør utformast og leverast til 1. oktober. I tillegg også eventuelle vitnemålstekstar.*

### Institutt for geovitskap

Enkelte emne får justert vurderingsform og tillate hjelpemiddel under eksamen. I tillegg, har [GEOV277](#) fått presisert emnetittel frå «Dataanalyse og inversjon i geovitskap» til Signalanalyse og inversjon i geovitskap og emnet [GEOV302](#) presiserer emnetittelen frå «Anvend dataanalyse i geovitskap» til «Dataanalyse i geovitskap».

**Sekretærens kommentar:**

*Dette er oppdatert og vises opp uib.no*

Institutt for geovitskap og Geofysisk institutt har samarbeida om MNF344. Emnet endrar studiesyklus, emneskildring og emnekode til MNF244/SDG213 [Klimaendringar – årsaker og konsekvensar](#). Emnet skal gå hausten 2019.

**Sekretærens kommentar:**

*Fakultetet gjer eit unntak og opprettar emnet for å ikkje trenere SDG prosessen. Emnet er ikkje obligatorisk i studieprogram og endringa vart varsla allereie hausten 2018.*

UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

### **Institutt for informatikk**

Det er gjort mindre redaksjonelle endringer i emna [INF264](#) *Innføring i maskinlæring* og [INF270](#) *Lineær programmering*. I tillegg endrar [BINF305](#) *Systembiologi* undervisningssemester og vert undervist fyrste gong hausten 2019.

Hausten 2018 vart det også gjort like endringer i studieprogrammet i [Masterprogrammet i informatikk](#) studieretninga bioinformatikk og programskildring er ettersendt.

### **Matematisk institutt**

Endrar vurderingsform og vurderingssemester på høvesvis [MAT625](#) *Algoritmisk tenking og programmering i matematikkfaget* og [MAT224](#) *Kommutativ algebra*

### **Programstyret for sivilingeniørutdanningane**

Programstyret har meldt inn små redaksjonelle endringer i [HTEK102](#) *Praksisutplassering i havteknologi*

Vidare har programstyret meldt inn presisering av opptakskrav til det 2-årige [masterprogram i havteknologi](#). Dette skjer som følge av ny forskrift for opptak ved UiB der det blant anna står at «kvota blir fastsett i studieplanen». Blant anna skal studieplassane fordelast likt mellom dei to studieretningane: «Marin måle- og styringsteknologi» og «marine installasjonar». I tillegg vert to studieplassar reservert for søkjarar med bachelorgrad frå Sjøkrigsskolen under føresetnad ad dei generelle og spesifikke opptakskrava er oppfylt.

### ***Sekretærens kommentar***

*Dei redaksjonelle endringane er oppdatert på uib.no*

### **STUDIELØP VED UNIS**

Ingen endringar meldt inn.

## **ORIENTERING TIL STUDIESTYRET: PLANAR FOR , OG YNSKJE OM STØRRE ENDRINGAR I STUDIEPROGRAM**

For å sikre informasjonsflyt mellom institutt og Studiestyre er det til fristen 1. mars bedt om at studiestyret vert orientert om pågåande revisjon av studieprogram og planar om større endringar i emneporteføljen. Trong for nye emne i fagmiljø utanfor eige institutt kan også fremjast.

### **Kjemisk institutt**

Melder om mogleg endring i krav om forkunnskap i KJEM131/FARM131 der kravet vert at emna KJEM130/FARM130 er bestått. Dette kan få ringverknad mot bachelorprogram i nanoteknologi som har KJEM131 som styrt valemne.

### **Matematisk institutt**

Instituttet skriv:

*«Nytt emne: Nytt førsteårsemne, som vi kun har fått engelsk tittel på foreløpig «Data Analytics with R». Dette vil bli obligatorisk for alle statistikkstudenter.*

*Endre navn på bachelorprogram: BAMN-STATS ønskes endret fra «Bachelor i statistikk» til «Bachelor i statistikk og datavitenskap» for å øke rekrutteringen og bedre rette oss mot den nye satsingen på datavitenskap.*

*MAMN-AKTUA: oppdateringer i det integrerte aktuarprogrammet, både en endring i obligatoriske emner (STATLEARN og nytt emne i Dataanalyse planlegges å tas inn) og en endring av navn på programmet til «Integrert masterprogram i aktuarfag og finansiell statistikk». Navneendringen er for å øke synlighet og gjøre det mer attraktivt, da få skoleelever vet hva aktuar er.*

*Masterprogram i statistikk (MAMN-STAT): slå sammen de tre studieretningene i master i statistikk til ett masterprogram med tre veivalg, altså kun ett valg i søknadsweb for studenter. Dette er mulig da de har samme opptakskrav. De tre veivalgene vil ha forskjellige obligatoriske emner.»*

### **Sekretærens kommentar**

*Fakultetet er positive til planane og minner om at nye programskildringar og læringsutbyte vert oppdatert som følgje av endringane i MAMN-AKTUAR og MAMN-STAT. I tillegg, bør også vitnemålstekstar og Diploma Supplement kvalitetssikrast og eventuelt levere inn oppdaterte tekstar.*

### **Institutt for biovitenskap**

Programstyret ved instituttet planlegg å fordele innhaldet på BIO215 Mikrobiologi og BIO218 Eksperimentell mikrobiologi på to nye emne som skal være på 10 SP der begge emna blant anna har laboratorieøvingar.

I tillegg vert det planlagt å opprette følgjande emne: BIO21X *Generell mikrobiologi*, BIO21Y *Mikrobiell fysiologi og taksonomi* og BIO3XX *Bruk av bioinformatikk for analyse av mikrobiell diversitet, fysiologi og taksonomi*.

### **Sekretærens kommentar**

*Emneskildring må leggjast ved når emna skal opprettast. Vidare bør instituttet også tenkje på eventuelle overlapp. Fakultetet støttar også tanken på at BIO21Y gjerne får ein anvendt del eller vinkling mot innovasjon.*